



AVGIFTSREGULATIV 2019

Område og grunnlag for avgift

Anløpsavgifta gjeld for Alden Hamneområde (Askvoll, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Hyllestad, Naustdal kommune) innafør området kommunen har planmynde etter plan- og bygningslova. Avgifta vert krevd i samsvar med lov om hamner og farvatn § 9 og §25, og skal godkjennast av by- og kommunestyra i dei respektive kommunane kvart år.

Satsane i avgiftsregulativet for 2019 er gjeldane frå 01.01.19 til 31.12.19. Satsane er eks mva.

Anløpsavgift

Med dei unntak som er nemnd nedanfor, skal alle farty som anløper hamneområdet betale anløpsavgift etter følgjande satsar, per anløp:

Kr 0,35/BT

Anløpsavgifta skal betalast per anløp i hamna. Ved gjentekne anløp innafør same kalenderdøgn skal avgifta berre betalast ein gong per kalenderdøgn. For farty som hyppig anløper hamneområdet sitt forvaltningsområde kan hamneadministrasjonen fastsette års- og månadsavgifter.

Dersom krav om anløpsavgift etter denne forskrifta er åpenbart urimelig får hamnestyret i Flora Hamn KF delegert mynde til å i dei enkelte tilfelle bestemme at anløpsavgifta skal bortfalle eller reduserast.

Minsteavgift er kr 200,-

Fritak

Følgjande farty er fritaken frå anløpsavgift

1. Farty som betalar særskild hamnevederlag.
2. Små farty under 15 meter.
3. Bergings- og isbrytarfarty i høve berging og isbryting.
4. Orlogsfarty, norske og utanlandske.
5. Kystverkets farty i høve med arbeid i farvannet.
6. Redningsselskapet sine fartøy.
7. Farty som anløper hamn på grunn av skade eller nød, og farty ikkje laster, lossar eller tar om bord passasjerer.
8. Veteranfarty som ikkje driver næringsverksemd.

Rabatt

- Godsskip som går etter ein på førehand oppsett ruteplan får 30% rabatt på anløpsavgifta.
- Fiskefarty heimhøyrande i sjøområdet til Alden hamneområde får tilbod om ei fast årsavgift på kr. 4 000,-.
- Kystruteskip i rute (kystruteavtale med samferdselsdepartementet) får ein ekstra grupperabatt på 65 % på anløpsavgifta per anløp.*

*kan ikkje kombinerast med andre rabattar



Miljørabatt

- For skip registrert i ESI (Environmental Ship Index) blir satsane senka på bakgrunn av på førehand innsendt ESI-sertifikatet – innanfor sertifikatets gyldigheitsperiode.
ESI Score: 25 – 49 poeng: 10%
ESI Score: 50 – 74 poeng: 20%
ESI Score 75 poeng og høgare settast satsane ned med 40 %
- Godsskip som går etter ein på førehand oppsett ruteplan og har ein ESI score høgare enn 50 får 40% rabatt.

Samla kan rabatten på anløpsavgifta ikkje overstige 40%.

Endringar

Dette avgiftsregulativet gjeld for år 2019.

Vedteke i Askvoll kommunestyre	12.12.2018
Vedteke i Fjaler kommunestyre	xx.xx.xxxx
Vedteke i Flora bystyre	18.12.2018
Vedteke i Førde bystyre	13.12.2018
Vedteke i Gaular kommunestyre	14.12.2018
Vedteke i Hyllestad kommunestyre	13.12.2018
Vedteke i Naustdal kommunestyre	xx.xx.xxxx